

MUSIKK

Eit mord
så låkt

For dei som no vil skru tida attende, kjem ein song om ei hending i 1963.

SONGTEKST



BOB DYLAN:
Murder Most Foul
SPECIAL RIDER
MUSIC

Åtte år etter at han sist gav ut eigne songar, gjev Bob Dylan no ut ein ukjend ballade om mordet på president John F. Kennedy i 1963. Kvifor nett no, vert det spurt. Som andre musikarar har Dylan fått ledig tid. I dag skulle han etter planen hatt fyrste kviledag på ein fire vekers konsertserie i Japan – avlyst på grunn av virusepidemien.

Han har spela meir enn 3000 konsertar og avlyser sjeldan. I 1997 avlyste han ein Europaturné på grunn av ein infeksjon i hjarteposen. Neste år vert han 80. No kom ein uventa pause. Somme ryd i hagen, andre i arkiva. Der fann han «ein upublisert song som me spela inn for ei tid sidan, og som de kanskje finn interessant». Slik stod det i den korte meldinga som fylgde då han gav ut «Murder Most Foul».

SKOTEN SOM EI BIKKJE

Han resiterer meir enn han syng, som på «Last Thoughts on Woody Guthrie» frå Town Hall i New York i 1963, men no mørkare, langsammare og djupare, med eit varsamant komp: piano, strykarar og visp. Fyrste strofe skildrar rakt og rått sjølv mordet, med hint om dei som stod bak. Versemålet er blandatak, fjernt frå all-song, i rima kuplettar. Dei fem fyrste:

Det var ein mørk dag i Dallas
i november sekstitre
Ein dag som vert hugsa
for vanheider og ve
President Kennedy sat
i sitt køyretøy
Ein dag for å leva
og ein dag for å døy
Ført som eit offerlam
til ein slaktarbenk
sa han: «Veit de kven eg er?
Vent, gitar, tenk»
«Me veit kven du er,
det er det som er så bra»
Han sat framleis i bilen
då dei skaut hovudet av
Skoten som ei bikkje
midt på høglys dag
Klokka veit tida
No slo ho eit slag

Neste strofe gøymer eit kontrafaktisk spørsmål: Korleis hadde USA og verda utvikla seg om John F. Kennedy hadde fått halde fram som president, lat oss seia til 1968? I ein vill leik med umsetjelege referansar og ordspel («The Beatles are comin,' they're gonna hold your hand») tek teksten no føre seg hysteriet og valden i pop-, hippie- og satanistrørsla i dei fyrste åra etter mordet: Beatles og «den britiske invasjonen» av USA frå 1964, *Hair*, Woodstock-samlinga sumaren 1969, den valdelege og fatale Altamont-konserten med Rolling Stones i California same vinter. Mordet prega motkulturen, som har prega oss. Korleis vart Dylan prega?

Han var aldri hippie. Alt i 1966 forlét han ungdomskulturen og vart fembarnsfar på bygda, der han på karakteristisk vis uttalte: «Mordet gjekk ikkje så inn på meg som folk trur; då ville eg ha skrive ein song om det.» No har han gjort det.

22. november 1963 forandra 22-åringen, som om ein draum brast. I august hadde han sunge borgarrettssongar for heile nasjonen under Fridomsmarsjen med Martin Luther King jr. i Washington. Etter mordet vart han kjend som ein narkoman nihilist med nonsjalante utsegner om Vietnam-krigen. Den muntre trubaduren snerra no til publikum. Handlar det kontrafaktiske spørsmålet om han sjølv òg?



På ein konsert i USA seinhausten 1963, kort tid før presidentmordet. Foto: AP / NTB scanpix



Bob Dylan ved Kronborg, «Hamlets slott», i Danmark i mai 1966. Foto: Jan Persson / Bettmann / Contributor

HAMLET

«Murder Most Foul» – songtittel og refrengledd – er henta frå William Shakespeares *Hamlet* (ca. 1600). Etter at Claudius har myrda bror sin – kongen, far til prins Hamlet – tek han over trona og kona hans. Attergangaren av den myrda kongen ber sonen om å hemna «murder most foul» – «eit mord så låkt», som det heiter i attdiktinga til Hartvig Kiran (1967); her treffer han best av dei norske *Hamlet*-attdiktarane.

Med *Hamlet* reiser songen seg frå eit samtidshistorisk og sjølvbiografisk plan til eit mytisk. Kven skal hemna Kennedy? I «Murder Most Foul» trer Kennedy inn i skodespelet, omtala som kongen:

Kven av dei tusental
samla den gongen
såg at dei blåste ut
hjernen på kongen?

Shakespeare-referansane hjå Dylan er ikkje noko som har kome dei siste åra, med albumtittelen *Tempest* (2012) og nobelprisen. Frå 1964 likna han meir og meir ein Hamlet etter mordet på faren, ein farleg gjøglar og mystisk språksjonglør som spela vanvitig, rockens fyrste surrealist. Tre veker etter mordet laga han skandale då han tok imot ein borgarrettspris og i talen sa at han «såg noko av seg sjølv i Lee

Oswald». Han spela konsertar i ein skreddarsydd, harlekinmønstra dress og forvirra verdspressa med gåter og ordspel slik Hamlet turnerte Polonius, rådgjevaren til Claudius. «Eg likte aldri Pound og Eliot. Eg likar Shakespeare», sa han i 1966, «ravande skakk og ein kosmisk amfetaminhjerne». Same år la Dylan målmedvite ei fotoferd til Kronborg i Danmark, slottet Shakespeare nytta i *Hamlet*.

Andre har samanlikna dei to. Leonard Cohen uttalte ein gong: «Bob Dylan er ein skapnad som dukkar opp kvart tredje eller fjerde hundreår.»

MEISTERVERK

Songen held fram i sytten minutt. Slik *Hamlet* er Shakespeares lengste verk, er «Murder Most Foul» Dylans lengste – på dei snart 60 åra han har gjeve ut songar, lengst i tid (17:00) og tekst (84 kuplettar, 7200 teikn, fleire enn i denne artikkelen). Lengst og fremst, i lag med langsongar som «Sad-Eyed Lady of the Lowlands» (1966), «Joey» (1976), «Brownsville Girl» (1986), «Highlands» (1997), «Ain't Talkin'» (2006) og «Tempest» (2012) – eitt meisterverk minst frå kvart av dei no sju tiåra.

Songen endar i ei speleliste på 70 liner og endå fleire songar, ei opprømsing av kva me lyt spela no som me har tid, ein spegel av den amerikanske songskatten

Dylan har studert sidan 1950-åra, og presentert på konsertar og album og i radio. Stundom vert spelelista stykka opp av fleire detaljar kring presidentmordet, somme av dei så obskure at dei er skrivne av ein som har fordjupa seg i saka. Så held spelelista fram, heilt til dagen i dag. Den referansemetta songteksten tek slutt med ein sjølvreferanse:

Spel «Love Me or Leave Me»
av framifrå Bud Powell
Spel «The Blood-Stained Banner»
Spel «Murder Most Foul»

Dei mest apokalyptiske referansane i songen er kristne: domedag, tida til antikrist, offerlammet. Men sjå, heller ikkje det er nytt. Dylan var ikkje mindre apokalyptisk tidleg i 1960-åra, kring Cuba-krisa, med songar som «The Times They Are A-Changin'» og «A Hard Rain's a-Gonna Fall». Mest roande denne gongen er helsinga som avsluttar fylgjebrevet: «Stay safe, stay observant and may God be with you. Bob Dylan.»

Om eit drygt år er det 80-årsdag. I 2022 er det 60 år sidan debutalbumet. Frå juni er planen å turnera USA. Same kva er «Murder Most Foul» eit høgdepunkt – etter mange år med seig bluesrock.

HÅVARD REM

Håvard Rem er journalist i Dag og Tid.